



Til skule og føresette

Ikkje offentleg
Offvl.§ 13/Fvl. § 13.1.1

Dykkar ref.		Journalp.ID		Dato	14.11.17
Vår ref.	ROJ	ArkivsakID	2007-0861		
		Arkiv nr.	2021091		

Rutineendring i PPT – avslutting av sak

Meland PPT har endra rutinane slik at dei er i samsvar med Undervisningsdirektoratet si tolking av Opplæringslova knytt til spesialundervisning, slik dette kjem til uttrykk i *Veilederen for spesialundervisning - Utdanningsdirektoratet 2014* (rev. 06.03.2017 – s.78).

Denne rutineendringa gjeld elevar tilvist PPT - både dei som har rett på spesialundervisning og dei som har utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

Rutineendringa inneber at når PPT har utført oppdraget som skulen (føresette) har bestilt i tilvisinga og PPT har skrive sakkunnig vurdering, vil skule og PPT avklare om skulen har behov for vidare oppfølging av PPT.

I mange saker kan vidare oppfølging og samarbeid skje i skulen sitt pedagogiske team - der PPT er fast deltakar ein gong kvar månad. Dette gjeld til dømes for elevar med høgfrekvente vanskar som skulen har lang erfaring med å handtere.

Når skulen melder at dei ikkje har behov for varig og tett oppfølging blir saka avslutta av PPT. Dette gjeld og for elevar som har rett på spesialundervisning i skulen. Spesialundervisninga for desse elevane blir ikkje påverka av at PPT avsluttar saka.

PPT avsluttar ikkje saker der skulen har trong for ein meir varig og kontinuerleg rettleiing/oppfølging.

For elevar som har spesialundervisning på eitt eller fleire område vil skulen vurdere utviklinga til eleven når perioden for den sakkunnige vurderinga nærmar seg slutten. Når skulen vurderer at eleven framleis ikkje kan ha eit tilfredsstillande utbytte gjennom tilpassingar innanfor det ordinære opplæringstilbodet, er det nødvendig å tilvise eleven til PPT på ny – etter samtykke frå føresette /eleven.

Ved slik gjenteke tilvising blir eleven prioritert av PPT – med ein forenkla saksgang. Det er årsrapporten frå IOP og resultatata frå skulen si kartlegging som i hovudsak dannar grunnlag for gjenteke tilvising.

Dersom noko er uklart eller føresette har spørsmål kan dei ta kontakt med PPT via mail eller telefon (sjå botntekst).

Med venleg helsing

Kenneth Wie - dagleg leiar